

Me Solhov frå Høgdene fekk, med glans ifrå Krubba til Kross,  
der Frelsaren dødsvegen gjekk, og Livsvegen opna for oss.

Den Soli ho glada 'kje av, men nådde sin fagraste topp  
hin morgon ho rann ved hans grav, då Jesus stod sigrande opp.

Du verd, for ei gáva det var vår Frelsar til menneskja vann,  
då syndi til krossen han bar, og æveleg utløyasing fann.

Me, som so uverdige er : ureine frå hovud til fot - - -,  
oss, Gud no rettferdige ser, kvar ein, denne gáva tek mot.

Der finst ikkje fagrare pakt i Himmelen eller på jord  
enn denne, som stødt står ved makt ved Nådens urikkande Ord :  
Tenk, utløyst or djevelens garn, frå tusundtals synder og mein,  
til Himmelen arving og barn, som Frelsaren, skuldlaus og rein.

Du fredlause, flakkande sjæl som, midt i den lystige leik  
hev røynt korleis ormen frå hel Deg allstødt so syrjeleg sveik :  
Å, snu frå din fårlege veg. Stig inn i den Solrenningsglans  
som Frelsaren tendra for Deg. Stig inn, og bli æveleg hans.

Hans kjærleik, den eig Du frå før. Å, gjev han din kjærleik igjen.  
No står han der utfor di dør og bankar, din trugnaste ven.  
Det gjeng over samling og sans : Han ynskjer å få Deg til brud.  
Lat opp, og legg handi i hans, og fylg han so heimatt til Gud.

Johs. M. L. Rydland.